



## Notat

Dato: 12.05.2014  
Arkivsak: 2014/14634-2  
Saksbehandlar: bjamolv

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmanen

---

### Reglement / retningslinjer for utlån av fylkeskommunale bygg

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 27.03.2014 er teke inn følgjande:

**"Marte Malones** stilte slikt spørsmål:

"Vil fylkesordføreren ta initiativ til en gjennomgang av reglementet for lån/leie av fylkeskommunale bygg av frivillige organisasjoner med sikte på å tilby gratis lån til frivillige organisasjoner som driver med aktiviteter rettet mot barn/ungdom?"

Gjeldande retningsliner (reglement) for utlån/utleige av fylkeskommunale skoler vart vedteke av Opplærings- og helseutvalet i sak 56/2013. Her vart satsane for 2014 vedteke. Det er i vedtaket ikkje differensiert mellom kva grupper som nyttar lokala. Kopi av saka ligg vedlagt.

Det er naturleg å vurdere endringar, inkludert om einskilde grupper skal ha fri bruk / redusert betaling, i samband med budsjettarbeidet for 2015.

For idrettsanlegg er det vedteke egne ordningar.